




Det nye mini-biblioteket på Sandakaien.

Det aukar stadig på med nye aktivitetar og tilbod på Sandakaien. For ikkje lenge sidan vart det opna petanquebane og utesjakk der, og no er det jammen kome eit mini-bibliotek. Alt er til gratis bruk for både fastbuande og tilreisande. Dette er kjempegode tilbod som eigarane Spar Uskedalen ønskjer både skal bli brukt, og bli tatt godt vare på.



[Eigarane håpar det skal bli til glede for mange.](#)

Det er altså Spar Uskedalen som står bak både petanquebanen, utesjakken og det nye mini-biblioteket. Biblioteket er bygt opp av eit byggesett som er kjøpt på Byggeriet. Det er Geir Harald Nilsen og Sigurd Børve som har stått for montering og maling. Fargane er sjølvsagt i rødt og grønt, SPAR-fargane, og bygget lyser vakkert opp der det står.

Eigarane ønskjer no at det skal vert brukt, og såleis vil verta til glede både for tilreisande og fastbuande. 'Her kan du kosa deg med nytt lesestoff. Har du bøker som er utlest? Dei er det mange andre som kan ha gode stunder med.' heiter det på plakaten.

Både mini-bibliotek, utesjakk og petanque er til gratis bruk, og det er alltid ope. Petanque-kuler er til utlån der, og reglar for spelet er slått opp like ved banen. Desse tilboda like ved båthamna bør verta til glede for mange framover sommaren. Dei supplerer alle dei andre aktivitetstilboda som er i nærområdet, og borte ved skulen skjer det stadig nye tin i Gull av grus-prosjektet. Ingen treng å kjeda seg i Uskedalen!!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland



Kjersti Nilsen Børve helsar alle velkomne inn i bokbua.